

Fylkeskonservatoren
Postboks 7900
5020 Bergen

Ved: Jostein Aksdal

Dykkar ref.:

Vår ref.:

5113121\Innspel freding 20150908

Dato:

2015-09-17

Innspel til fredingsforslag for Stødleterrassen i Etne

Me syner til dykkar høyring av nytt fredingsforslag for Stødleterrassen. Det nye forslaget inneber ein reduksjon på 43 % i høve til det førre forslaget, og er et forslag som tar større omsyn til ulike samfunnsinteresser, samstundes som det er meir på linje med kulturminnevernets intensjonar, slik me oppfattar dei ulike innspela i saka. Likevel ynskjer me på vegne av Åsbø Sanddrift AS å kome med fleire innspel til fredingssaka. Innspela gjeld fredingsgrense ved Sørheimsbrotet og søraust i området, samt at me har nokre innspel til formalitetar i saksgangen.

Åsbø Sanddrift må nok ein gong i denne prosessen påpeike at ein har partsinteresser i saka, og at dei ikkje har fått direkte varsel om høyringa av nytt fredingsforslag. Dette burde vore gjort, også som ein følge av at me tidlegare i fredingssaka har kome med innspel. Saka må vere tent med at den er belyst for flest mogleg, og det er god forvaltningsskikk at ikkje berre grunneigarar, men også naboar og andre interessentar i området vert varsla i ei sak som dette.

Den pågåande fredingssaka på Stødle har strekt seg over fleire år og har vore ein hemsko for føreseieleg drift i begge firma som driv i området. Det er difor viktig at fredingsaka no finn sin konklusjon.


Det er i samband med tidlegare høyringar i fredingssaka framført grundig dokumentasjon, mellom anna frå Direktoratet for Mineralforvaltning, frå Norsk bergindustri og frå næringsaktørar i området om dei nasjonale interessene som er knytt til uttak av masseressursen i området. Det er veldokumentert i tidlegare merknader, og me viser til desse. Me meiner framleis at dette tema ikkje er tilstrekkeleg ivareteke i fredingsvedtaket.

Hovudinntrykket av dokumenta som no er lagt ut til høyring på heimesidene til Fylkeskonservatoren, er at ein har gjort vesentlege endringar avgreisinga av freda område, men at ei god, dokumenterbar grunngeving for fredingsgrensene framleis saknast, for deler av det framlagte fredingsområdet. Dokumenta grunnjev grundig dei store kulturminneverdiane knytt til Støle og gravfelt sør for Hetlebekk, men syner ikkje med same tyngde, eventuelle verdiar søraust i området, som har historie som utmark.

Grunngevinga for kva områda som no er fjerna er at det i desse områda ikkje er kjende kulturminner av vesentleg nasjonal verdi. Det er framleis eit potensiale for funn også i dei områda som er tekne ut. Me meiner delar av dei områda som i sør er behalde som fredingsområde, har tilsvarande karakteristikkar som dei områda som er teke ut: Områda har funnpotensiale, men saknar kjente kulturminne. Argumentasjonen for plassering av grensa i sør er sparsame, men kan tolkast som eit potensiale for funn knytt til moreneryggen i landskapet.

Basert på landskapsstrukturane er det vanskeleg å sjå at avgrensinga til området føl dei prinsippa som det i teksten er argumentert for. Særskild gjeld dette ei spesiell utforming av fredingsgrensa ved Sørheimsbrotet. Denne avgrensinga går på tvers av alle landskapstrekk. Ut frå det me kan sjå i dokumentasjonen som er offentleggjort, går den og på tvers av dokumenterte funn og område med særskild funnpotensiale. Avgrensinga kan vere basert på at ein ikkje ynskjer at massetak i framtida skal strekke seg til dette området, men dette er ikkje drøfta i noko grunngeving så langt me kan sjå.

Vår argumentasjon ved førre høyringsrunde ligg i at ein også må ta landskapsomsyn. Sørheimsbrotet synest som eit naturleg landskapselement å ta tak i ved den endelege avslutninga av massetaka. Dette vil og vere til fordel for den samanhengen kulturspora i området står i, gjennom at landskapet har mindre brå overgangar.




Figur 1: Utsnitt av nytt fralegg til grense for fredingsvedtaket etter kulturminnelova. Moreneryggen er markert av oss på tegningen med beige skravur. Blå ring syner avgrensing med spesiell utforming.


På andre viktige tema synest også det dokumenterte fredingsgrunnlaget framleis å vere tynt som grunnlag for konklusjonane. Tematikken rundt massetak som ressurs og framtidige uttak i området synest lite djuptgåande drøfta, noko som i beste fall gjer at grunnlaget for vernet og avveginga mot andre interesser ikkje kjem godt nok fram.

Ved å ikkje handtere dette grundig i eit skriftleg dokument (utover kommentarar til merknader som er kome inn), må ein stille spørsmål om saka er belyst godt nok etter Forvaltningslova, som grunnlag for å gjere det enkeltvedtaket som fredingsvedtaket er.

Difor meiner vi at ein framleis ikkje har funne den fredingsgrensa i søraust, som samsvarar med argumentasjonen om nasjonale kulturminneinteresser i området. I kulturminnesøk er gravminnet ID90124 skildra som ein "haugrest" og "heilt utjamna". Er dette gravminnet nok for å utløyse at dette området skal med i vernet som nasjonale interesse? Eller tilseier dei nasjonale interessene knytt til byggeråstoff faktisk at dette gravminnet kan fjernast og frigjevast? I kulturminnedokumentasjonen til fylkeskommunen er gravresten ID 90124 kort og summarisk skildra saman med 3 gravfelt som alle ligg samla 100 meter og meir nord for dette einkilde gravminnet. Dette er ein tematikk som ikkje synest grundig nok drøfta i det dokumentasjonsgrunnlaget som føreligg. Me vonar vernestyresmaktene tek ein ytterlegare gjennomgang av desse problemstillingane og justerer fredingsgrensene ytterlegare.



Figur 2: Åsbø Sanddrift sitt framlegg til avgrensing i innspel til førre høyring av fredingsframlegget av 20.12.2010. Vi meiner at dette framlegget i større grad følger fredingssaka sin eigen argumentasjon knytt til å redusere fredingsområdet; til å gjelde områda der det er dokumentert nasjonale kulturminneinteresser.



Figur 3: Alternativ, naturleg avgrensing av massetak i området, frå Åsbo Sanddrift sitt innspel til Etne Sand og Pukk sin oppstart av planarbeid for utviding av massetaket deira. Denne fordrar at ein tilpassar fredningsgrensa noko, slik at ein har moglegheiter til å opne landskapet og gje landskapet ei avslutning som harmonerer med landskapsstrukturane i området. Grøn linje kan vise eit anna alternativ for avgrensing av framtidig massetak, med frigjeving av kulturminne ID 90124.

Ved utlegginga av saka i denne omgang verkar det som om dokumentet med kulturminnedokumentasjonen ikkje har blitt oppdatert eller utvikla. Mellom anna er ikkje kommunedelplanen for ny E134 vurdert opp mot vernet. Det prioriterte framlegget til ny trase for E134 ligg på same sida av Etneelva som massetaka i området. Dette burde vore gjort for å belyse utviklinga av saka, og for å grunngi den endelege grunngjevinga for fredningsgrensa. Fredningsgrunnlaget ville framstått som meir konsistent om ein kunne omarbeidd dokumentasjonen og utvida grunnlaget knytt til avgjerdgrunnlaget slik at dette vart meir dokumenterbart og det kunne blitt meir forståeleg kvifor konklusjonen og fredningsgrenser vart sett som dei er.

Det vil også vere viktig at ein i fredningssaken viser kva intensjonen vil vere for nærområda til fredningsområdet. Vil ein kunne utvide massetaka fram til fredningsgrensa, eller vil forvaltninga av fredningssaka også medføre at ein får ein buffersone der kulturforvaltninga også vil motarbeide at ein nyttar sandressursane?

Med helsing
Norconsult AS

Ivar Kalkvik

Kopi: Etne kommune, Postboks 54, 5591 Etne